



Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3203 - 16/9809

Saksbehandlar:

Harry Finseth

harry.finseth@meland.kommune.no

19.05.2016

Referat frå møte med Meland Golf 18.05.16

Deltakarar: Harry Finseth, Rune Mjøs og Lars Barstad

Generelt

Det vart gjennomført eit møte med golfklubben v/ Rune Mjøs og Lars Barstad der Harry Finseth stilte frå kommunen angående vassleidning Fløksand-Beitingen. Målet for møte var å få avklart resterende punkter frå møte som vart haldt 18.01.2016.

Parkeringsplass ved golfbane

Golfklubben uttrykte noko misnøye med at entreprenøren har tatt for stor plass og ikkje holdt orden på riggplassen. I etterkant av møtet har det blitt bestemt at riggplassen no skal ryddast og rigg vert flytta vekk frå parkeringsplassen. Dette vil bli gjort i løpet av veka.

Borehol frå VK2 – VK 3

Siktforholda i svingen vil bli utbetra ved å sprengje vekk ein del knausar. Stein kan nyttast internt på anlegget.

Trasè frå VK3 – VK 4

Golfklubben har tidlegare ønskja at leidningstrasèen skal gå på den andre sida av vegen frå der den er prosjektert. Årsaka er at den ikkje skal kome i konflikt med evt. framtidig utviding av bygingsmasse.

Det har blitt einigheit om at leidningen kan gå som prosjektert, men den vil bli lagt i trekkerøyr fordi kommunen avviker frå VA-norma som stadfester at det skal vere 4 m mellom leidningar og byggverk.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Denne byggegrensa gjeld ikkje på denne delen av strekninga som går tett forbi bygningsmassa til golfklubben.

Ny kum VK5B

Golfklubben ønskjer ein vasskum ved steinbrot for evt. ny driftsbygning i framtida.

Kommunen velgjer å legge ut stikkleidning frå VK6 i staden for ny kum. Multiconsult dimensjonerer stikkleidningen for å sikre evt. framtidige krav til store nok dimensjoner.

Med helsing

Harry Finseth
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune

Rune Mjøs